



# DEN NORSKE KYRKJA

## LEIKANGER SOKNERÅD

ÅRSMELDING FOR LEIKANGER KYRKJELYD 2020



Covid 19 sette sitt preg på kyrkja og resten av samfunnet i 2020. Det kom restriksjonar på kor mange vi kunne vere samla i kyrkja, og mange av aktivitetane i kyrkjelyden kunne ikkje gjennomførast. Mange har sakna fellesskapet i kyrkja, og ikkje minst har babysongen og tysdagstreffa vore eit stort sagn for mange.

Gravferder har vore for dei nærmaste pårørande, og i staden for å samle fleire dåpsfylge på søndagsgudstenester vart det lagt til rette med eigne dåpsgudstenester på laurdagar dette året.

Konfirmasjonane måtte utsetjast frå mai til oktober. Det vart arrangert fire konfirmasjonsgudstenester fordelt på to laurdagar.

Dei tradisjonelle arrangementa knytt til jul og påske vart avlyste og erstatta med alternative opplegg. Tårnagent-samlinga for 8-åringar skulle vore arrangert i Norum, dette vart utsett til 2021. Lys Vaken, med overnatting og frukostservering for 11-åringar, kunne heller ikkje gjennomførast.

Men, vi fekk feire dei frivillige med ein fest i prestegardshagen i august, og vi gjennomførte basar i kyrkjelydshuset i desember, om enn i litt forenkla form! Under nedstenginga på våren vart det ringt med kyrkjeklokkene kvar laurdag kl. 17.00.

Soknerådet har hatt fysiske møte i kyrkjelydshuset når smittesituasjonen har tillette det, resten av møta har vore digitale.

#### MEDLEMER I SOKNERÅDET 2020:

Åse Kongsvik - leiar fram til november 2020, deretter nestleiar  
 Signe Eikenes - nestleiar fram til november 2020, deretter leiar  
 Tove Stensås - sekretær og vara til diakoniutvalet  
 Jon Erling Oppedal, medlem i fellesrådet  
 Tore Oddvin Stølen, leiar i husstyret for kyrkjelydshuset  
 Elin Borlaug Hauge, vararepresentant til fellesrådet  
 Vegard Bondevik Lie, sokneprest

---

#### VARAMEDLEMER:

Eli Marita Vik Næss, medlem i diakoniutvalet frå november  
 Grete Hamre

Egil Henning Ytrøy, fram til han flytta frå bygda sommaren 2020

Ida Jørstad Røysum

Siri Andresen

---

KOMMUNESTYRET SIN REPRESENTANT I FELLESRÅDET:

Frode Bøthun for Sogndal Kommune

---

REKNESKAP FOR SOKNERÅDET OG KYRKJELYDSHUSET:

Kirsti Bergfeld Svangstu, rekneskap

Eivind Eikenes Dahle, revisjon

---

REKNESKAP FOR KYRKJELYDSBLADET:

Susan Husabø, rekneskap

Sunneva Husabø, revisjon

---

SOKNERÅSMØTE OG SAKER:

Soknerådet har hatt 7 møte. Årssamlinga var planlagd etter gudstenesta i kyrkja søndag 15. mars, men gjekk ut grunna nasjonal nedstenging som følgje av koronautbrotet. Soknerådet arrangerte Frivilligfest 27.august. Arrangørnemnda hadde to planleggingsmøte 9.juni og 13.august.

Soknerådet handsama i alt 39 saker i 2020.

---

TRUSOPPLÆRINGSUTVALET:

Hege Feet Askvik var representant i trusopplæringsutvalet i 2020. Ho fortset i 2021.  
Varamedlem: Bjørn Sandvik Sølsnes

---

DIAKONIUTVALET

Sunneva Husabø var representant i diakoniutvalet. Varamedlem: Eli Marita Vik Næss. Sunneva sa frå seg dette vernet hausten 2020, og Eli Marita tok over som fast representant med Tove Stensås som varamedlem.

---

HUSSTYRET (KYRKJELYDSHUSET)

Kjell Sæter, Soleana Giuseppe, Linda Grebstad Grinde og representant for soknerådet, Tore Oddvin Stølen, som var leiar.

---

FASTEAKSJONEN:

Fasteaksjonen er ein årleg dugnad siste veka før påske, med inntekt til Kirkens nødhjelp. Det er kyrkjelyden si innsamling, men konfirmantane og konfirmantforeldra gjer vanlegvis ein stor innsats for aksjonen. I 2020 måtte aksjonen gjennomførast

digitalt, og det var høve til å gje både på Vipps og via Facebookaksjonen. Det kom inn kr 28 735, dette er noko lågare enn det som er samla inn tidlegare år.

### Gudstenester

Gudstenestene er navet i kyrkjelyden. Leikanger kyrkje har gudstenester om lag annakvar sundag. I tillegg kjem gudstenester i høgtidene og særskilde gudstenester. På grunn av Korona var det dverre fleire av gudstenestene som gjekk ut.

Det var i 2020 totalt 38 gudstenester med totalt 1 858 deltakarar. 15 av desse gudstenestene var dåps- og konfirmasjons-gudstenester, medan det vart halde 23 ordinære gudstenester i kyrkja. Vi fekk berre gjennomført ein Familie søndag dette året, den var i februar.

Gudstenestene i påska gjekk ut. Det vart laga til eit alternativt opplegg med påskevandring. Plakatar med tekstar og illustrasjonar av kunstnaren Magne V. Kristiansen var sett opp på gravplassen ved kyrkja.

Det har berre vore ein «Salmar og kaffi» i 2020, denne var i januar.

Mange er engasjerte som medliturgar (medhjelparar) og deltek med lesing, lystenning, ta inn takkoffer og utdeling av nattverd under gudstenestene. Her er vaksne og konfirmantar saman om oppgåvene. Bjørg Sæter, Kirsti Svangstu, Signe Eikenes, Oddrun Ugulsvik Myklebust, Sindre Børshheim Ramung, Dagny Alvik, Hege Feet Askvik, Gerd Haugen, Bjørn Sandvik Sølsnes, Elin Borlaug Hauge, Magny Ugulsvik Bukholm, Bjørg Anda, Reidun Sterri Fjeld og Kjell Sæter-

Gudstenestene julaftan vart erstatta med «Opa kyrkje» frå kl. 14 til 16.30. Kantor Hallgeir Øgaard Westli spelte på orgelet vekselvis med digitale videoinnslag på veggen. Ca. 70 personar var innom og vandra gjennom kyrkja. Annonseringa om opplegget var noko uklar. Første juledag var det høgtidsgudsteneste, Leikanger mannskor deltok.

### KYRKJELEGE HANDLINGAR I 2020:

19 (15) døypte

34 (28) konfirmantar

1 (4) vigsler

21 (14) gravferder

*(tala i parantes 2019)*

### KONSERTAR/ARRANGEMENT

Det har knapt vore konsertar eller arrangement i kyrkja dette året.

Dora David, lærar ved Kulturskulen, hadde sommaravslutning med konsert i kyrkja for sine elevar på Leikanger.

Distriktsmusikarane hadde julekonsert 17.desember

I staden for den stemningsfulle Luciafeiringa vi har hatt i kyrkja dei siste åra vart det spelt inn ein video med nokre få deltakarar.

**13. dagsfesten** vart arrangert i kyrkjelydshuset måndag 6.januar. Det var eit godt program, men diverre få som møtte.

## DIAKONI OG OMSORG

### TYSDAGSTREFFA

Tysdagstreffa heldt fram på nyåret 2020 med Sunneva Husabø og Ingeborg Ugulsvik som ansvarlege for treffa. Det vart berre 4 treff i 2020 før koronaen kom. Dessverre vart ikkje dette tilbodet starta opp att i 2020.

### SKYSS TIL GUDSTENESTENE

Soknerådet organiserte køyring til gudstenestene for dei som treng skyss. Ansvarleg for ordninga var Sindre Børsheim Ramung. Det er få som nytta seg av ordninga.

## TRUSOPPLÆRING

Alle dåpsfamiliar får boka «Arvegull» i dåpssamtalen. I 2020 var det 19 døypte.

**Babysong** har samlingar for born mellom 0-1 år. Trusopplærar Birte Husum er leiar for babysongen. Kantor Hallgeir Øgaard Westli er med på samlingane, som er i kyrkjelydshuset. Etter ei økt med song og regler er det tid for mat og prat. To frivillige medarbeidarar lagar formiddagsmat. Med nye smittevernreglar vart det servering av kaffi /te, meda deltakarane hadde med niste. I tillegg til å lage mat er dei frivillige med og passar dei små. Dette fekk dei ikkje høve til i smitteverntida, grunna ein meters avstand. 17 born deltok saman med mor/far. Det var planlagt 15 samlingar, men grunna korona vart det berre arrangert 10 samlingar.

### FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR:

Astrid Breisnes, Else Berit Værn, Barbro Ness, Gunhild Børtnes, Ingeborg Ugulsvik, Marit Velle, Gerd Haugen, Ingerda Fossen, Gro Skogli, Sunneva Husabø, Guro Henjesand og Målfrid Reppen.

---

**Skulestart for 6-åringane** vart som vanleg markert med gudsteneste 16.august, kvelden før første skuledag. I år var denne i prestegardshagen, og sidan det ikkje vart utdelt 6-årsbok rundt påsketider, fekk 6-åringane både bok og aktivitetshefte på ei fin utegudsteneste i strålande sommarvêr. 17 av 17 inviterte deltok.

**4-åringane** fekk utdelt «Mi kyrkjebok 4» på hausttakkefesten 27.september. 11 av 12 inviterte deltok.

**Tårnagent-helg for 8-åringar** er eit felles trusopplæringstiltak for alle 5 sokna i Sogndal og Leikanger. Hovudfokus på dette arrangementet er å møta åtteåringen,

at han/ho skal føle seg heime, få utforske tårnet og læra om kristne symbol. Ein tårnagent får i oppdrag å sjå etter og gjera det gode for seg sjølv, andre og skaparverket - slik bibelen fortel oss. Arrangementet skulle vore i oktober, det vart utsett til januar - og er vidare utsett til mai. Det vil då bli tårnagentdag for 2012-kullet i mai, medan 2013-kullet får ein eigen dag i oktober. Begge i Ølmheim kyrkje.

**11-årsbibel:** 9. februar vart det delt ut «Bibelen-ei vandring gjennom den store forteljinga». 12 av 28 inviterte møtte. Familiesøndag med pizza i kyrkja før gudstenesta var ein suksess. Flinke konfirmantar hjelpte til med utdeling av bøker under bønevandringa.

**LysVaken:** Lys Vaken skulle vore arrangert i Leikanger kyrkje i november. Aktivitetane med overnatting og frukost vart avlyst, men ungane var inviterte på gudstenesta. Det kom ingen 11-åringar på gudstenesta, men fleire konfirmantar var med.

#### KYRKJESEKK:

Soknerådet tilbyr ein «Kyrkjesekk», som er ein «barnekrok», som ungane kan ta med seg i kyrkjebenken. I sekken finn dei litt forskjellig; teiknesaker, bøker, rosiner osv. Heimestrikka labbar finn dei og, som dei kan ha på seg om dei vil bevege seg litt i kyrkja.

#### BARNEHAGE/SKULE – KYRKJE SAMARBEID

I løpet av eit år er det vanlegvis fleire kontaktpunkt mellom barnehagane og kyrkja og skulane og kyrkja, både i kyrkja og i barnehagen eller på skulen. Dette året var kontaktpunkta færre enn dei har vore tidlegare år.

#### BARNEHAGANE

I desember fekk me gjennomført adventssamlingar i kyrkja for alle tre barnehagane, kvar for seg på tre ulike dagar.

#### SKULANE:

Av samarbeid med skulane fekk me i 2020 berre gjennomført gudsteneste før jul med Ungdomsskulen. Dette var tre korte gudstenester etter kvarandre, med 50 personar på kvar, siste skuledag. For å få det til på smittevern-forsvarleg vis, vart ulike kyrkjebenker brukte for kvar av dei tre gudstenestene.

#### HØGSKULEN:

Høgskulen v/ Lena Skjærdal var på besøk med nye studentar i august. Dei fekk ei kort samling med fokus på kyrkjekunst og kultur. Trusopplærar Birte Husum og kantor Hallgeir Øgaard var med.

#### KONFIRMASJONSFØREBUINGA:

Det er soknerådet som er ansvarleg for konfirmantopplegget. Ungdomsprest Andreas Danbolt og sokneprest Vegard Bondevik Lie har ansvaret for undervisninga, som i stor

grad har vore ettermiddagssamlingar i kyrkjelydshuset. I januar var alle med på leir på Lyngmo ei helg. Etter at koronaen trefte oss, fekk me gjennomført ei samling med konfirmantane før sommaren, med påskevandring rundt kyrkja.

Takk for innsatsen til alle som har vore frivillige i konfirmantopplegget i 2020.

Det var 34 som vart konfirmert i 2020, fordelt på to laurdagar i oktober.

26 nye konfirmantar vart presentert hausten 2020. Undervisninga føregår på ettermiddagane tysdag og torsdag som hovudrytme. I september var konfirmantane på «Skaparverkstur» i Sogndalsdalen, og i desember førebudde og gjennomførde halvparten av konfirmantane lysmassa 2. søndag i advent.

Konfirmantane er med som medhjelparar og gudstenestedeltakrarar under gudstenester. Dei får mange lovord for den fine måten dei utfører oppgåvene sine på.

Foreldra gjer eit stort dugnadsarbeid med køyring, baking og som medhjelparar på ulike arrangement.



*Konfirmantane har undervisning om dei liturgiske fargane i kyrkjeåret. Foto: Vegard Bondevik Lie*

## FORENINGAR

### KYRKJERINGANE

Kyrkjeringane har gjennom mange år vore gode støttespelarar for kyrkja. Det har vore lite møteaktivitet i ringane i 2020. Midtre og indre ring hadde eit felles møte der dei vedtok å slå seg saman. Desse var leiar /kontaktperson i kyrkjeringane:

Ytre: Sunneva Husabø

Indre: Ingeborg Ugulsvik

### ANNA FRIVILLIG VERKSEMD

Bibelgruppe: Liv Eldholm

Leikanger Normisjon: Marit Askeland og Jorunn Kvalsvik Aase

Misjonssambandet: Gunnveig Tjønn

## LEIKANGER KYRKJELYDSBLAD

Kyrkjelydsbladet kjem med tre nummer i året: Før påske, tidleg haust og til jul. Sigrid Svartefoss er redaktør og har hatt med seg Hege Feet Askvik og Signe Eikenes i redaksjonsnemnda. Elianne Eggum syter for design, medan Systrond damekor tok seg av distribusjon. Bladet har ein god økonomi og verkar bli lest og sett pris på. Sjå eige rekneskap for bladet.

## KYRKJELYDSHUSET

Kyrkjelydshuset er eit godt hus for kyrkjelyden, og det vert nytta til både faste og sporadiske arrangement i kyrkjelyden. I tillegg er det i bruk ved dåp, gravferder og konfirmasjon. Det er sett opp vaktmesterteneste frå månad til månad, og desse gjer, saman med slåttegjengen, ein god og viktig jobb.

Den årlege dugnaden av uteområdet vart gjennomført på våren. Etter sommarferien var det innvendig nedvask av kyrkjelydshuset.

Den tradisjonelle basaren til inntekt for Kyrkjelydshuset kunne ikkje gjennomførast på tradisjonelt vis i haust. Vi hadde eit enklare opplegg i kyrkjelydshuset 12.desember der folk kunne kome og sjå på gevinstane, kjøpe lodd og få seg ein kaffikopp, gløgg, mandarinar og eit kakestykke. Det var lagt ut loddbøker på butikkane og sjukeheimen i forkant, og det var også loddsal via Facebook. Trekninga var digital, dagen etter basaren. Både privatpersonar og bedrifter bidrog med fine gåver. Resultatet vart kr ca. 20.000. Tove Stensås, Bjørg Anda og Åse Kongsvik hadde hovudansvaret for basaren med resten av soknerådet m/ varamedlemmer som gode hjelparar.



*Leikanger kyrkjelydshus, Klokkargarden*

---

#### VAKTMEISTERTENESTE:

Marit Askeland, Torbjørn Aase, Berit Grinde, Anja Hamre, Soleana Giuseppe, Solveig Yttri, Knut Haukeland, Gerd Midtun, Bjørg Anda og Linda Grebstad Grinde

---

#### SLÅTTEARBEID:

Frå mai til oktober vert graset slått. Det er som regel to personar i sving per gong. Desse har stått på lista i 2020: Gerd Haugen, Bjarne Nes, Kjell Erik Strand, Arne Rørvik, Knut Haukeland, Jon Solheim, Torstein Svedal, Henry Neverdal, Jon Henjum, Nils Henjum, Jan Helge Furre og Oddvar Lundheim.

#### KYRKJA

Det har ikkje vore gjort oppgraderingar i kyrkja i 2020.

---

#### VIDARE PLANAR:

Det trengst etterkvart nye puter til kyrkjebenkane. Kyrkjeringane jobbar med å finansiera dette.

---

## KYRKJEGARDANE OG BÅREHUSET

Bårehuset er planlagt rehabilert og arbeidet var klart til å starta opp etter sommaren 2019, men vart sett på vent som følgje av kommunesamanslåinga. På kommunestyremøte i 2020 vart det løyvd midlar til arbeidet.

Den årvisse dugnaden på kyrkjegarden var torsdag 23.april, godt leia av Knut Grinde. 17 personar møtte fram, 13 ved kyrkja og fire ute i Husabø. Arbeidet gjekk greitt, og vart avslutta med kaffipause i det flotte vårvêret, der også dei i Husabø var med.



## PERSONALSITUASJONEN

---

### PRESTETENESTA

Vegard Lie Bondevik - sokneprest i Leikanger og Norum.

---

### MEDARBEIDARAR

Cristina Sandor - klokkar/kyrkjetenar og reinhaldar

Hallgeir Øgaard - kantor

Birte Husum - trusopplærar

Andreas Danbolt - ungdomsprest

## ØKONOMI

### LEIKANGER KYRKJELYD, «INNSAMLA MIDLAR»

Ved ofringar kom det totalt inn kr 37 921, av dette kr 12 063 til eige kyrkjelydsarbeid. Dette er under halvparten av det som kom inn i 2019.

Fasteaksjonen: kr 28 735 (digital innsamling) Givarteneste: kr 5 000.

Det vert elles vist til rekneskapen.

*For Leikanger sokneråd, 1.mars 2021:*

Signe Eikenes

*Leiar*

